

# Kjempe-arbeid med kostymane

Stein Erik Ovesen

**I kveld er det klart for premieren på «Les Misérables» i Moster Amfi. Då vert det ein slags «eksamen» etter mange månaders hektisk førearbeid og der over to hundre personar har gjort til saman mange tusen ubetalte dugnadstimar. Mellom dei som har arbeidd utretteleg månad etter månad, er dei mange som har vore involverte i å laga alle kostymane – under leiing av Janne Robberstad.**



MYKJE ARBEID: Det er enormt mykje arbeid som ligg bak dei mange kostymane til «Les Misérables». Janne Robberstad (t.h.) har vore ansvarleg for denne delen av førebuingane til oppsetinga. Her konfererer ho med ein av dei mange som har vore involverte i sy-arbeidet, Mari Haugland Ådnøy.

For to år sidan, like etter at Bømlø Musikal Laug var ferdig med framsyningane av «Jesus Christ Superstar», fann me ut at me ville freista få lov å setja opp «Les Misérables» i august i år. Og medan arbeidet med å få lov til dette gjekk føre seg, starta eg så smått opp å førebu det arbeidet som i så fall måtte gjerast på kostyme-sida. M.a. gjekk eg gjennom mykje litteratur og annan informasjon om korleis kleda var i Paris på 1800-talet og kva materialar og fargar som vart nytta då. Og med bakgrunn i all denne informasjonen tok eg til å teikna dei kostymane som måtte til. Dette fortel kostymeansvarleg for «Les Misérables», Janne Robberstad, til BØMLO-nytt nokre få og hektiske dagar før premieren.

## Tilpassa, og historisk korrekt

Då det så var klart at Bømlø Musikal Laug skulle i gong med «Les Misérables», samarbeidde Janne Robberstad tett med fleire sentrale personar. M.a. med scenografen, Aud Sigrud Flesland, og med regissøren, Amalie Nilssen. Dette for å tilpassa fargar og uttrykk i klærne til fargane på kulissane og slik at det heile høvde i ei teateroppsetjing med mykje kraftig lyskastar-lys, samstundes som alt skulle vera så historisk korrekt som mogeleg.

## Innanlands og utanlands

I det vidare førebuingararbeidet med kostymane har det så inngått å skaffa bokstaveleg sagt kilometervis med stoff av ulike slag:

– Ein god del har eg fått via Stoffbua her heima, men eg har også vore fleire stader utanlands. M.a. kom eg over eit sal av ullstoff i Tyskland, og då bar det i full fart sørover for å fylla opp ein bil. Og silke i store mengder vart kjøpt i London, fortel Janne Robberstad. Dessutan har ho og andre frå BML tråla militære overskotslager, brukbutikkar, loppemarkadar og alle mogelege andre slags stader for å få tak i sko og støvlar, revolverar, gevær, knivar og mykje anna av rekvisitter.

## Klargjering av sko

Tidlegare denne veka kom BØMLO-nytt over sko-ansvarleg Hanne Jacobsen som i lag med Beatrice Meyer var i fullt arbeid med å lima svart filt under ei mengd sko og støvlar. Dette både for å sikra fottøyet betre mot å skli på underlaget og for å gjera at det vart minst mogeleg lyd når ein går over scena. Nokre av skoa var dei flottaste ballsko, medan andre såg ut som om dei kom rett frå søla.

## Mange har sydd

– I november tok eg til å sy på kostymane, og eg fekk med meg ein heil del folk. M.a. inngjekk ein del av kostymesyinga i pensumet til elevane «mine» på Olavskulen, der eg er ansvarleg for linja med kostyme- og motedesign. Og så fekk eg med meg vener og kjende og veners kjende og mange andre til å vera med på alt det omfattande syarbeidet. Dei har alle saman gjort ein kjempejobb! Lenge dreiv me på med syarbeidet på Olavskulen, så har me ei tid på forsommaren vore på Svortland skule, før me flytta syarbeidet til dei leigde lokala våre i Mostrahuset samstundes som øvingane tok til i Amfiet. Dette fortel Janne Robberstad, som legg til at også aktørane som står på scena har fått omfattande oppgåver innan det som gjeld kostymesying. Det har vore laga til små kurs, m.a. både i å laga flosshattar, korsett og herreskjortar. Og både kvinner og menn og barn som står på scena har hatt mykje å sy på no i sommar, i tillegg til å læra rollene sine og songen sin...

**Skreddarsaum**

Dei siste par vekene har mesteparten av kapasiteten i systova i Mostrahuset vore nytta til tilpassingar av kostymane. For alt skal vera skreddarsydd til kvar einskild aktør. Til saman er det snakk om over to hundre ulike kostymar, med alt frå dei mest skitne og fattigslige klærne via soldatuniformar til dei flottaste bryllupsklær. Og kvart kostyme består av fem - seks - sju ulike plagg. Då er det fort snakk om minst tolv - fjorten hundre plagg, utan at nokon heilt har oversikta over dette førebels. Mange av plagga er fult av putlearbeid, og t.d. er det berre i kvar soldatjakke heile 22 knappar som skal på plass...

**Full sy-beredskap**

Utetter i øvingsperioden har ein del av kostymane vore nytta på scena, og dei siste dagane har det vore skikkelege gjennomkøyringar med full sminke og alle kostymar på. Då har det vore ein del kostymar der ting har rivna eller løst, noko som har medført full aktivitet på systova for å utbetra og forsterka plagga.

– Når plagga no har vore nytta under øvingane, har me nok fått luka ut det meste av problem. Men me kan saktens risikera at ting skjer med kostymer midt under ei framsyning. Og gjengen av påkledarar som då er i full aktivitet under scena er utstyrt både med symaskin og forskjellige slags «remediar» for å raskt kunne ordna opp i slike «små-katastrofar», seier Janne Robberstad. Ho legg til at nettopp det ikkje vert hennar problem, for ho er også med i ensemblet på scena. Dermed har ho delegert arbeid og ansvar som gjeld kostymane over til fleire andre no under øvingsperioden og dagane med framsyningar. Inkludert i dette er også planar for vasking og tørking av kostymar om natta dersom ein skulle vera så uheldige at det kjem regn under ein eller fleire av framsyningane. Men det gjer det jo sjølvstundt ikkje...